

Protokoll etter årsting i Møre og Romsdal skyttarkrets i 2020

Molde, laurdag 15. februar 2020 frå kl 12

Sak 1: Godkjenning av frammøtte representantar

Det møtte 21 representantar frå klubbar og kretsstyret. Alle blei godkjende med stemmerett.

Sak 2: Godkjenning av innkalling, sakliste og forretningsorden

Innkalling, sakliste og forretningsorden blei godkjende.

Sak 3: Val av dirigent, referent samt 2 representantar til å skrive under protokollen

Helge Kristiansen blei vald til dirigent, Are Berg til referent. Jan Arve Wiik og Kim Tafjord blei valde til å signere protokollen.

Sak 4: Behandle årsberetningar for 2018

Årsberetning for Møre og Romsdal skytterkrets blei lesen og godkjend med ein kommentar om at kretsen no også har ei facebook-grupe. Årsberetningar for Pistol, Rifle, Leirdue og utdanningskontakt blei lesne og vedtekne.

Sak 5: Behandle kretsen sitt rekneskap for 2019

Kasserar Rolf Toven forklarte resultat- og balanserekneskapen. Toven las deretter opp revisor si beretning som var utan merknadar til årstinget. Kontrollkomiteen har kontrollert rekneskapen og har ingen kommentarar. Rekneskapen med eit overskot på 92 549,90 og eigenkapital på 522 802,19 blei vedteke som skyttarkretsen sin rekneskap for 2019.

Sak 6: Behandle innkomne forslag

Rullering av Langtids- og virksomhetsplan

Oppdatert Langtids- og virksomhetsplan for 2020 – 2024 for skyttarkretsen blei lesen. På side fire under mål for rekruttering av ungdom skal det leggest til eit nytt punkt: Norma ungdomscup. Med den endringa blei planen vedteken.

RTT – Regionalt TreningsTeam

Det var arrangert treningsøkter med luftskyting med rifle og pistol på forskjellige baner i fylket i november og desember 2019 som ei prøveordning. Formålet med tiltaket er å tilby vidareutvikling som skyttar samt skape samhald mellom skyttargeiner og klubbar. Styret har teke dette tiltaket inn i budsjettet og vil starte ordinære samlingar i 2020. Det er planlagt samlingar den 25.2. på Valderøya, 25.3. i Kristiansund, 19.3. i Kristiansund og 24.3. på Valderøya. Fleire samlingar blir sette opp etter behov. Tiltaket har i 2020 eit budsjett på 40 000 pluss det som kjem inn som sponing, budsjettert med 15 000. Kretsen vil kjøpe ein stk Skytesimulator Scatt som kan nyttast på RTT-øvingane. Det blei vedteke at tiltaket skal gjennomførst i 2020 og at kvar av dei to trenarane på kvar samling får ei løn på kr 1 500 per samling. Årsmøtet er også positive til eit liknande opplegg for feltskyting for pistol.

Funksjonærskyting

Regelverket seier kor mange dagar før stemnet det kan arrangerast funksjonærskyting. Klubbar som vil arrangere slik skyting for sine funksjonærar tidlegare enn det på lokale stemner, kan gjere det lovleg ved å søke / gi beskjed til kretsleiar.

Sak 7: Fastsette kretskontingent for 2020

Skyttarkretsstyret la fram forslag om å halde kretskontingenten for 2020 uendra på kr 60,- per medlem over 20 år. Forslaget blei samrøystes vedteke.

Sak 8: Behandle budsjett for 2020

Rolf Toven forklarte styret sitt forslag til budsjett for skyttarkretsen i 2020. Framlegget viser eit underskot på kr 18 900,-. Årstinget auka dei budsjetterte utgiftene til leige av lokale frå 2 000 til 4 000. Det justerte budsjettet blei vedteke samrøystes.

Sak 9: Engasjere revisor

Skyttarkretsstyret la fram forslag om å engasjere Nordmøre Revisjon Kristiansund ved registrert revisor Odd E. Futsæter som revisor også for 2020. Forslaget blei vedteke samrøystes.

Sak 10: Val

Jon Arne Brekken presenterte valkomiteen sitt forslag til tillitsvalde. Etter vala er dette dei tillitsvalde i Møre og Romsdal skyttarkrets for 2020:

Styret

Leiar	Helge Kristiansen	Sunndal PK	Gjenvald for 1 år
Nestleiar	Are Berg	Ørsta/Volda PK	Gjenvald for 1 år
Styremedlem	Rolf Toven	Neset PK	Gjenvald for 2 år
Styremedlem	Sigbjørn Bredesen	Kristiansund PK	Gjenvald for 2 år
Styremedlem	Karoline Hansen	Storfjorden SSL	Ikkje på val
Styremedlem	Hilde A. Sæter	Sunndal PK	Ikkje på val
Varamedlem	Tore Gundersen	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 2 år
Varamedlem	Svein Krakeli	Eide/Fræna PK	Gjenvald for 2 år
Varamedlem	Olga Pavlova	Molde PK	Ikkje på val
Varamedlem	Jorunn Snekevik	Storfjorden SSL	Vald for 1 år

Kontrollkomité

Medlem	Steinar Staurset	Fannefjord PK	Gjenvald for 1 år
Medlem	Morten Bergheim	Kristiansund PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Geir Liljevold	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Geir Øverås	Vestnes PK	Gjenvald for 1 år

Valkomit 

Leiar	Jon Arne Brekken	Sunndal PK	Gjenvald for 1 �r
Medlem	Bj�rn Egil Larsen	Vigra og Valder�y PK	Gjenvald for 1 �r
Medlem	Olaf Isaksen	Kristiansund Pk	Gjenvald for 1 �r
Varamedlem	Trond Viggo Baure	B�everdalen PK	Vald for 1 �r

Sak 11: Bestemme stad for neste  rsting

Styret foresl r at neste ordin re  rsting i M re og Romsdal Skyttarkrets blir arrangert i Molde. Framlegget blei vedteke samr ystes.

Sak 12: Utdeling av medaljar og pokalar for 2018

Rolf Toven og Sigbj rn Bredesen delte ut medaljar og pokalar til vinnarar i kretsmeisterskap og kretscupen i pistolskyting.

 rsta. 16. februar 2020. Referent: Are Berg

Signatur valde tingdeltakarar:


Jan Arve Wiik


Kim Tafjord